

Ny siger til Nesjarane

17.04.2011



Ny siger og nytt påskeegg til Nesjarane, ved Mona Enes, Berit Lappégård, Dag Hermansen, Jørgen Andreas Jørgensen og Oddlaug Yri Jørgensen.

**Kva kostar ei potte med lyng hos Gros Blomster?**

**Kva kallast statuene på Påskeøya?**

**Så stor spennvidde hadde spørsmåla då Aktivitetshusets Damevenner  
hadde påskequiz på Helgheim i kveld.**

**Det var som det tilsvarande i fjar eit svært vellukka arrangement..**

**Til og med resultatlista vart ei reprise: Ikkje uventa gjekk Nesjarane  
til topps også denne gongen etter ein solid  
innspurt som ga ein margin på 5 poeng.**



Randi Nybakk dansa med påskekyllingen

Laget, som er ein vellukka mix av ferierande og fastbuande,  
sakna skarpskodde Gjert Hermansen denne gongen, men dei 5 andre  
klarte joibben likevel.

Blant dei laga det også var grunn  
til å ha forventningar til var Humlepungane, men dei  
svikta mot slutten. På den andre sida innfride ein annan  
gamal kjenning, vi siktar til Pondus. Eit lag som kalla seg  
På rette sida av bruha hadde sterkt bemanning frå ytre luten  
og gjekk inn på bronseplass.

Arrangørane skal også denne gongen ha ros for god planleggjring og

prikkfri gjennomføring. Dei kunne ha skilt klinten betre frå kveiten ved å skru opp vanskegraden noko, men det ville ha gjort oppgjøret mindre spennande. Spørsmåla var svært allsidige og det var også artige visuelle innslag.

Som eit ekstra pluss i avviklinga kom det også frå tid til annan svinsande inn ein tydelegvis velfødd og muskuløs påskekylling som til og med dansa med fleire damevenner. Han vart og utnytta til nokre ekstra-spørsmål. Kreativiteten er stor hos damevennene.

Serveringsopplegget var også så bra som ein kunne krevja. Oppslutnaden er det einaste som ein må føra opp som eit lite minus. Det stilte 12 lag mot 17 i fjor og nedgangen kom nok på grunn av mange konkurrerande arrangement både i bygda og nabobygdene.

Men Helgheim-quizen ga nok ein gong meirsmak og dei som ikkje nådde opp denne gongen kan prøva seg hos Systrene Nilsen til veka!

Her er resultatlista:

- 1. Nesjarane 79**
- 2. Pondus 74**
- 3. På rette sida av bruha 73**
- 4. Bringebust 70**
- 5. Geir og damene 64**
- 6. The Plumbers 61**
- 7. Påske 60**
- 8. Kjellsons 56**
- 9. Humlepungane 55**
- 10. Leif og kompisane 52**
- 11. Løkalarsane 45**
- 12. Zenit 44**

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Leiinga gjorde ein framifrå jobb, speaker Albert Nybakk sit lengst til høgre